



Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Alver idrettsråd

Parter:

Alver kommune, org.nr. 920 290 922

Alver idrettsråd, org.nr. 924 672 757

1. Avtaleperiode:

Avtalen følger kommunestyreperioden, og skal fornyast etter kvar ny periode
Avtalen kan evaluerast og reviderast om ein av partane finn det naudsynt,

2. Mål:

Avtalen skal vere med å

- a) fremje felles mål om idrett, fysisk aktivitet og folkehelse for alle i Alver
- b) sikre god samordning og kommunikasjon mellom kommunen og idretten
- c) klargjere viktige prinsipp og gjensidige krav og forventingar til samarbeidet
- d) sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til idrettsanlegg og aktivitet

3. Idrettsrådet si rolle:

- a) Idrettsrådet er eit fellesorgan for all idrett i Alver, som er organisert i Norges idrettsforbund gjennom Vestland idrettskrins, og underlagt NIF sine lover og vedtekter
- b) Alver idrettsråd skal arbeide for best mogleg vilkår for idretten i Alver, og vere ein arena for samarbeid mellom idrettslaga og høvesvis kommunale instansar og idrettskrinsen
- c) Idrettsrådet skal gjere prioriteringar på vegne av idretten og idrettslaga i Alver

4. Samarbeidsrutinar, høyringsinstans, medverknad

- a) Saker som vert vurdert til å ha felles interesse for idretten, bør formidlast til kommunen gjennom idrettsrådet. Dette gjeld og dersom eitt idrettslag har ei sak som kan tenkjast å få konsekvensar for eitt eller fleire andre idrettslag
- b) Idrettsrådet skal ta del i planarbeid i kommunen på område som vedkjem idretten sine interesser.
- c) Kommunen skal hente inn uttale frå idrettsrådet i saker som vedkjem idretten i Alver. Idrettsrådet skal få seg førelagt saker av felles interesse for idretten og kan gi uttale til desse
- d) Generell informasjon frå kommunen til idrettslag skal orienterast idrettsrådet
- e) Kommunen og idrettsrådet skal gjensidig informere kvarandre i høve saker som vedkjem idretten i Alver



- f) Kommunen skal ha dialog med idrettsrådet i samband med økonomiplan- og budsjettarbeid
- g) Idrettsrådet skal vere høyringsinnstans i samband med kommuneplan for Alver, og kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- h) Kommunen skal informere idrettsrådet om endringar etter høyringsprosessar, som påverkar idrettsleg aktivitet
- i) Idrettsrådet skal uttale seg om retningslinjer for kommunale tilskotsordningar som vedkjem idretten, og om utleigereglement, betalingssatsar for kommunale idrettsanlegg og om anleggsstrategi for Alver i påvente av ny kommunedelplan,
- j) Idrettsrådet skal gi uttale til søknadar om spelemidlar til idrett- og friluftslivsfeltet
- k) Idrettsrådet skal utarbeide innstillingsforslag når det gjeld tildeling av kommunale tilskot til idrettsanlegg, og skal kome med uttale til andre innstillingar.

5. Økonomiske tilhøve

- a) Kommunen løyver eit årleg tilskot til drift av idrettsrådet. Eit slikt tilskot er behovsprøvd, og vert handsama ved årleg rullering av økonomiplanen
- b) Idrettsrådet sender over naudsynt dokumentasjon til kommunen som rapportering, i samband med rulleringa.

6. Andre samarbeidsområde- og informasjonsarenaar

- a) Kommunen si politiske og administrative leiding skal møte idrettsrådet minst ein gong i året, for å drøfte vilkår og utfordringar for idretten i kommunen
- b) Kontaktpunkt i kommunen er tenesteområde kultur
- c) Idrettsrådet inviterer kommunen til sitt årsmøte og andre felles møtearenaar for idrettslaga i kommunen
- d) Partane har kvar på si side ansvar for at avtalen vert gjord kjend for kommunale instansar og medlemmar i idrettsrådet

18. 08. 2020
Knarvik, ~~dd.mm.2020~~

Sara H. Selkingsstøl

Alver kommune



18. 08. 2020
Knarvik, ~~dd.mm.2020~~

Olav Gunnar Nansen

Alver idrettsråd